

KIRKEBLAD

FOR

DAVIK

Nr. 28	Utkommer hver måned	Januar 1933	Utgiver og redaktør: Sogneprest Slaattelid Davik	4. årg.
--------	---------------------	-------------	--	---------

Bønn.

Gode Gud, barmhjertige Fader i himmelen! I Jesu navn vil vi begynne det nye år som du i nåde har latt oss gå inn i. Som en lukket bok ligger årets mange dager foran oss, men priset være ditt navn, allmechtige evige Gud, du har latt oss vite nok til at vi frimodig og glad kan møte hvad oss beskikket er. Vi vet at du har omsorg for oss; du har gjenløst oss med Jesu Kristi dyre blod, kalt oss ved navn og gitt oss barnerett i ditt himmelske rike. Takk, evig takk, så er alle våre tider i din hånd. Vi ber dig, kjære himmelske Fader, hjelp oss idag og alle årets dager trøstig og tillitsfullt å overgi oss i din forsorg; gi oss kraft til å overvinne alt som vil svekke vår barnlige tillit; rens våre hjerter, bevar oss fra synd, la det bli vår lyst å tjene dig i alle ting, og la din Hellige Ånd bo i oss, så vi kan komme dig alltid nærmere i kjennskap, kjærlighet og tro. Hør vår bønn, i vår velsignede Frelsers navn. Amen.

Godt nyttår!

Gledelig nyttår nu fra Gud
alle Guds venner tilsammen!
Han deler nyttårgaver ut
alle til lyst og gammen.
Lyse i fred det år som svandt,
signe det ny som nyss oprandt,
Herre, miskunne dig! Amen.

Anders Reitan.

Den trufaste Gud.

Gud er trufast. 1. Kor. 10, 13.

Apostelen trøystar her korintiarane med at dei i heile sitt kristenliv, i dei mange og sterke og serlege freistingar og prøvingar, vil få hjelp i frå Gud. Han, den trufaste, vil ikkje la dei verta freista meir enn dei toler. Han vil gjera både freistingi og utgangen so at dei kan halda det ut.

Ja, Gud er trufast. Eg, ein gamal prest, som skriv dette, eg kjenner trong til å vitna, at nettupp dette er den røynsla som eg har gjort i eit langt liv. Vidunderleg trufast er Han. Han fylgjer etter oss med godt og miskunn både åndeleg og timeleg, endå vi er heilt uverdige til det. Sanneleg — Han gjer ikkje med oss etter våre synder og betalar oss ikkje etter våre misgjerningar. Soleis er det truesstyrkjande å sjå attende på livet vårt. Men visseleg må eit slikt atter-syn gjera oss sjølvne audmjuke. For når vi tenkjer på Guds truskap, då vert det so sårt å leggja merke til vår eigen utruskap. Men nettupp fordi vi er so useieleg uverdige og nettupp fordi vi so lite har fortent Guds truskap, lyser denne med so mykje sterkare glans. Og då må vi få hug til å vera meir trufaste imot Han som har vore so trufast mot oss. Korleis skal eg tena Gud i truskap? Kva vil Han? Dette må verta spursmålet kvar dag. Hjarta skal venjast til å spyrja soleis og so gjera etter det svar som vårt samvet gjev, bunde i Guds ord.

Når vi har fått prøva Guds truskap kan vi vera trygge og frimodige med umsyn på framtid. Vi ynskjer ikkje å lyfta det fyrehenget som dekkjer dei komande dagar. Dei er i Guds trufaste hand. Han vil syta for oss til lekam og sjæl. Ja, endå um vårt liv henger i ein tråd, ein sværande tunn tråd, so er vi lukkelege, fordi det er Gud, vår trufaste himmelske Fader, som klipper tråden av, når Han finn det tenlegt.

Trofaste Herre Jesus Krist,
du som min Gud og Frelser est,
din er jeg om jeg lever, dør,
derfor mig, Herre, bistand gjør!
Liv, ære, gods, hvad jeg formår,
altsammen det i din hånd står. Amen.

Etter »Bud og Hilsen«.

Residerende kapellaner i Davik.

Ved reformasjonen blev Davik prestekall slått sammen med Eid, dog således at der i Davik skulde være residerende kapellaner. De bodde inntil 1571 på Maurstad, som var kongens eiendom og som de bygslet av kronen. Den første kapellan vi vet om, Steffen Loss, som tiltrådte i 1567. Han var sønn til sognepresten i Eid, Erik Erikssøn Loss, og blev i 1571 dennes eftermann i embedet. Kapellaniet blev da stående ledig en tid, og Maurstad blev bortbygset til andre. De 3 følgende kapellaner måtte derfor bo på kapellangården i Rugsund. Povel Mogensen var kapellan til 1589, da han blev sogneprest i Evenvik; derefter kom Jakob Hansen til 1609, da han flyttet til Jølster. 1610—22 innehadde hr. Rasmus embedet; han bodde først i Rugsund, så på Eid og tilslutt i Davik. Hans eftermann var Hans Lemmechen, men han bodde for det meste på Eid.

Efter ham kom i 1670 Povel Glad, som tok ophold i Davik. I 1692 blev han sogneprest i Eid, men blev for forskjellige forseelser fratømt embedet i 1708 og døde av slag i det øieblikk dommen blev oplest for ham. Han var den skrøpeligste prest som Eid har hatt. Av hans mange barn var nogen knyttet til Davik. Hans Glad, premierløytnant ved Nordfjord kompani, bodde i Davik og var gift med Maren, datter til Abraham Knudsen, lensmann og gjestgiver i Rugsund. Johannes Glad var student, men bodde som gårdbruker på Dombestein. Anne Glad bodde i Liden i Davik og døde ugift. Karen var også ugift og bodde i Davik, i sine senere år hos lensmannen Peder Balchen; hun døde 1755 i stor armod og blev begravet i Davik kirke.

Claus Frimann var kapellan 1692—1709. Han var gift med Anne, datter til Peder Harboe, sogneprest i Selje. Frimann blev i 1709 utnevnt til sogneprest i Selje og døde i 1715. Dikterpresten Claus Frimann var hans sønnesønn.

Frederik Christian Holberg, bror til dikteren Ludvig Holberg, var residerende kapellan 1709—1716. Da fikk sognepresten Peder Finde tillatelse til å være prest alene i det veldige kall, som omfatter Davik, Eid

og Hornindal. Efter hans død i 1739 blev Davik, Rugsund og Aalfot eget prestegjeld.

Efter Jacob Aaland: »Nordfjord«.

Eit vitnemål.

Jesus hev opna ein veg for oss menneskje til ein himmel med fred og glede. Og i kvar menneskjesjel hev Gud lagt ei himmelsk lengsle. Alt i dei tidlege barneår var denne lengsla vakna i mi sjel. Ettersom åri gjekk vart den sterkare og meir medveti, og eg vart yvertydd um, at det var Gud som kalla. Det vart ein kamp i mi sjel, og eg tok til å akkordera med Gud um fred. Eg bad og las, men freden åtte eg ikkje. Dess meir eg stræva i mitt trælearbeid, dess uroligare vart eg. Eg prøvde å betra mitt liv og gjorde mange gode lovnader; men alt såg fånytted ut, og freden fekk eg ikkje. Eg stunda etter å finna fred med Gud; men eg kunde ikkje koma burt ifrå, at eg sjølv måtte gjera noko ekstra for å verta frelst.

Men Gud vere takk, den dagen kom då eg fekk sjå at mitt strev var fånytted, at frelsa var fri, og at eg hadde berre å ta imot. Den byrði som fyrr låg so tungt på meg tok Jesus på seg. Eg fekk oppliva sanningi av hans ord: »Fær sonen frigjort dykk, so vert de retteleg fri«. Eg kan nok ikkje med ord forklara den fred, glede og lovsong som fyllde mi sjel den stund eg fekk vissa um dette. Kven kan seia ut den gleda å få gå heim til himmelen til Gud.

No er mange år gått sidan mitt fyrste møte med Jesus, men det kan eg vitna, at til lenger eg får vera saman med frelsaren, til støre og kjærare vert han for meg. Eg må med songaren seia: For all den ting jeg visste kan jeg ei min Jesus miste.

Min ven! Kom til Jesus. Han ventar på deg. Opna di sjels dør og slepp han inn. Frå den stund du opnar di sjels dør for Jesus, stend himlens dør opi for deg; men let du Jesus stå utanfor, er du ogso ute-stengd frå himlens herlegdom. Jesus elsker deg, slepp han inn og få fred. M. Dr.

Notisar.

Bøni på fyrste sida er teki frå biskop Lunde's bønnebok: »Ha tro til Gud«. Det er ei sers god bok som mange burde få tak i og so bruka. Ho inneheld bøner for kvar dag i året.

Til kyrkjeorgel i Davik er innkome frå Andreas Aarset 15 kr. (tidlegare 20 kr.).

Til sanitetsforeiningi er innkome: For maiblomar frå Kjølisdal kr. 14.80. Medlemspengar: Leirgulen 3, Maurstad 1, Endal 1. Basarar: Rimstad 118.15; Kjølisdal 120. Jolelodd: Davik 10. Jolemerke: Davik sparebank 2.

Basarar: Aafot 1. nov. til heidningmisjonen 155 kr. netto. — Aafot 27. nov. til finnemisjonen 100 kr.

Ved indremisjonsstemna i Davik i sumar vart överskotet av matsalet kr. 89.49, som er oversendt Nordfjord indremisjon.

Kyrkjeåret. Nyårsdag er kyrkjeleg set den dag som minner um Herrens umskjering 8 dagar gammal, då han og fekk namnet Jesus. Dette høver jo sers godt den 1. januar; i Jesu navn går den kristne inn i det nye året. Liksom vi fyre jol har advent, soleis har vi etter jol epifania-vekene, dei sundagar som samlar seg kring Kristi openberrings dag. Den 6. januar heiter frå gamalt epifania-dagen. Epifania tyder: openberring. Den var til minne um korleis Jesu herlegdom vart openberra ved hans dåp i Jordan, ved underet i Kana og for vismennene frå Austerland. Med tanke på det siste fekk dagen namnet: dei heilage tre kongars dag; det kom nemleg upp den segni at det var 3 vismenn og at dei var kongar. Her hjå oss brukar vi gjerne namnet trettandedag, d. v. s. trettande joledag. Sundag etter nyår er no kalla Kristi openberrings sundag og so kjem frå 2 til 6 sundagar etter Kristi openberrings sundag. Tekstene handlar um korleis Jesus på ymse måtar openberra sin herlegdom.

Gardsnamn i Davik. Haukedal: av fugle-namnet hauk. — Gloføk: av gamalnorsk glod: glo, gloande kol og feykir: ein som får noko til å fyka. Er fleire stader brukt som namn på eit fjell som um morgon og kveld når solstrålane skin på det vert liksom gloande eller forgyllt og liksom kastar glør eller gneistar ifrå seg. — Syrheller: av eit elvenamn Syra og heller. — Skorpa: tyder eit høgt, jamnt avrunda fjell. — Hønskår: gamalnorsk Hornskorar av horn, ein kvass fjelltopp (Hornelen) og skor, nedre kanten ved eit fjell. — Klubben: av klubb, eit rundt berg. — Risøy: av gamalnorsk ris, krattskog.

For 100 år sidan. Konfirmantar i 1832: Hans Pedersen Elde, Christian Uldriksen Nave, Amund Amundsen Eldevig, Abel Marcussen Nave, Jetmund Christensen yttre Nore, Niels Rasmussen Tytingvåg, Jens Jacobsen Gloføg, Ole Olsen Angelshoug, Ole Hanssen Almending, Eva Ellefsdtr. Hellen, Anne Knudsdtr. indre Nore, Anne Christensdtr. Brobakke, Petrikka Jacobsdtr. Tytingvåg, Oline Andersdtr. Angelshoug, Rachel Didriksdtr. Eldevig, Janicha Jacobsdtr. Werpeide, Ingeborg Bentsdtr. Krabbestie, Walborg Olsdtr. Hesseviig,

Ragnilde Andersdtr. Otteren. — Ektevigde i 1832: 24. nov. Simen Torem, son til Simen Andersen Torem, 32 år, og Brithe indre Davig, 24 år, dotter til Peder Pedersen indre Davig. — 3. des. husmann Uldrik Ekornbakke, 32 år, buande på Dombestein, son til Anders Uldriksen Ekornbakke og Christie Davignæs, 34 år, dotter til Abel Olsen Davignæs.

Landsmålsliturgi skal frå nyar takast i bruk i Rugsund og Totland. Det gjeld då um at ein so snart som mogeleg lærer kyrkjesvari som dei no skal lyda. Som eg ofte har innprenta har det jo mykje å seia for gudstenesta at folk verkeleg syng med i dei.

På landsmål lyd dei soleis:

1. Etter syndsvedkjenningi:

**Herre Gud Fader i himmelen,
ver nådig, miskunna oss.**

**Herre Jesus, heimsens frelsar,
ver nådig, miskunna oss.**

**Herre Guds ande, vår trøystar,
ver nådig, miskunna oss.**

2. Gloria.

**Ære vere Gud i det høgste
og fred på jordi,
Guds hugnad med menneskje.**

3. Etter evangeliet:

Gud vere lova for sin glade bodskap.

4. Til kyrkjebøni:

**Deg vere æra i æva, og
Herre, høyr vår bøn.**

5. Ved altargang:

Me lyfter våre hjarto til Herren, og:

**Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot,
all jordi er full av hans æra.**

Hosianna i det høgste!

**Velsigna vere han som kjem i Herrens
namn. Hosianna i det høgste.**

Eg vil råda til at ein klipper ut eller skriv av desse svar og legg dei inn i salmeboki no til å byrja med.

Gudstenester.

Kristi openberrings s., 8. jan.: Davik.

Sundag, 15. jan.: Berle.

— 22. » Rugsund.

— 29. » Davik.

— 5. febr.: Totland.

Kvittering for kontingent. Aafot: Rasmus O. Myklebust 3 kr. — Davik: Peder R. Bøen, Hans R. Hamre 3; Andreas Aarset 5; Rakel Bakkelid 2. — Rugsund: Synneve Kolset 3; I. Bergheim 2. — Leirgulen: Rasmine Blålid 3; Ole Blålid 4; Andreas S. Lofnes 2. — Maurstad: Peder P. Maurstad 4.

Hjarteleg takk til alle.

Godt nyttår ynskjer eg alle lesarar av bladet. Rekneskap for 1932 kjem i neste nr.



Våre døde.

25. nov.: Simianne Amundsdr. Kolsetvik, kona til Kristen Kolsetvik; f. 1859 i Endal; kreft.
 30. nov.: Kari Olsdr. Haslerud, kona til Matias Haslerud, Davik; f. 1869 i Davik; kreft.
 1. des.: Samuline Rasmusdr. Reksnes, kona til Rasmus Reksnes, Nore; f. 1849 på Lund; hjertesjukdom.
 10. des.: Johanne Pedersdr. Kolset, enkje; f. 1851; kreft.

Verdi og hennar lyst forgjengst, men den som gjer Guds vilje, vert verande til æveleg tid. 1. Joh. 2, 17.

Vår kirkegang.

1. En advokat gir i et engelsk blad følgende grunner til at han regelmessig går til kirke:

Først fordi kirken, tiltross for dens mange skrøpeligheter, dog representerer det beste i livet og har den høieste kunnskap om Gud. — For det andre på grunn av kirkens frukter. Næsten alle institusjoner og krefter som prøver å løfte og hjelpe menneskeheten er direkte eller indirekte en frukt av den kristne kirke. De fleste av de mennesker som ofrer tid og kraft og penger til å opholde disse barmhjertighetsanstalter er medlemmer av kirken eller påvirket av den og dens arbeide. Og jeg vil være med i dette arbeide. — For det tredje på grunn av kirkens fiender. Dersom et menneske kan bli bedømt etter hvem som er hans fiender, hvorfor ikke også kirken? Fiender av hjemmet, ekteskapet og retten er også fiender av kirken. Alle krefter som søker menneskehetens fordervelse søker å skade kirken.

2. Professor Ihmels i Leipzig skriver: Jeg kan ikke skjule, at det alt i lengere tid har vært mig en kilde til sorg å se hvorledes også de som prinsipielt holder på kirken, allikevel fritar sig for regelmessig kirkegang. Mener man virkelig med alle sine undskyldninger å kunne bestå for Gud? Hvordan skal vel fjerntstående finne vei til kirken når ikke engang de går foran, som vil ha kirke, ja endog roser den? Jeg vilde i sannhet anse det for en stor vinning av vår tid, om den igjen kunde gjøre levende i våre menigheter den sedvane regelmessig å besøke gudstjenesten.

3. En gammel legende forteller, at en from mann engang idet han kom ut av kirken møtte Djevelen ved kirkedøren. »Hvad vil du her?« spurte mannen forbauset; »jeg trodde da sannelig at du aldri satte din fot i en kirke!« »Å jo,« sa den Onde; »her går jeg ofte hen, ti hvor der prekes og bedes, der må jeg nettop passe på, så jeg ikke mister alt for mange sjeler.« »Hvordan bærer du dig ad da?« lød mannens spørsmål. »Det skal jeg si dig,« svarte Djevelen; »jeg har min særlige behandlingsmåte overfor de forskjellige mennesker. De unge pikers øine retter jeg på deres veninners kåper og hatter; så går andakten snart sin vei. Husmødrenes tanker sørger jeg for å sysselsette med maten hjemme og ukens husstell. Mennene fyller jeg med spekulasjoner om deres forretninger og liknende. Og så passer jeg på at alle hoder vender sig hver gang der kommer en inn gjennom døren efterat gudstjenesten er begynt og forstyrrer således oppmerksomheten. Men fremfor alt er det mig om å gjøre å få folk til å anvende alle alvorlige ord i prekenen på sine naboer og bekjente. Og når så folk går fra kirken sørger jeg for å få dem i samtale med hverandre om alle mulige verdslige ting, for at indtrykket av det de har hørt kan bli riktig godt utslettet. På denne måte lykkes det mig selv i en velfyllt kirke å holde de fleste fra å ta imot ordet og bli frelst.«

Bibelen.

En predikant blev buden hjem til en gammel kone for å spise middag. Han tok Bibelen som lå på bordet og bladet i den. Da så han at bokstavene P. S. var skrevet i margen flere forskjellige steder. Han spurte konen hvad disse bokstaver betydde. »Jo«, svarte hun, »P. S. betyr: Prøvet og sant.« Således hadde den gamle kone satt sine P. S. ved den ene efter den annen av Herrens forjettelser. Hun hadde selv prøvet dem i sitt eget liv og fått oppleve at de var sanne og holdt stikk. Hun visste at de var å stole på. Den samme erfaring vil enhver som tror få gjøre.